



STORTINGET

Innst. 466 S

(2021–2022)

Innstilling til Stortinget
fra kommunal- og forvaltningskomiteen

Prop. 128 S (2021–2022)

Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Endringer i statsbudsjettet 2022 under Finansdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet (Lønsregulering for arbeidstakere i det statlege tariffområdet 2022 m.m.)

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Innleiing

Kommunal- og distriktsdepartementet legg i proposisjonen fram følgjande saker under kap. 2315 Lønsregulering for arbeidstakere i det statlege tariffområdet og kap. 502 Tariffavtalte avsetjingar.

1. Lønsregulering frå 1. mai 2022 for arbeidstakere i det statlege tariffområdet m.m.
2. Endringer i statsbudsjettet for 2022.

1.2 Lønsregulering for arbeidstakere i det statlege tariffområdet med verknad frå 1. mai 2022 m.m.

1.2.1 LØNSFORHANDLINGANE M.M. PER 1. MAI 2022

Forhandlingane

Det blir i proposisjonen vist til at forhandlingane mellom staten, ved Kommunal- og distriktsdepartementet, og hovudsamanslutningane LO Stat, Akademikerne, Unio og YS Stat om nye hovudtariffavtar i staten

for perioden 1. mai 2022 til 30. april 2024, blei innleia 20. april 2022.

Forhandlingane heldt fram til 29. april. Akademikerne og Unio kravde forhandlingane avslutta kl. 14.12. LO Stat og YS Stat kravde forhandlingane avslutta kl. 14.55.

Riksmekklaren blei varsla om brotet med alle hovudsamanslutningane. Meklinga blei opna i møte hos Riksmekklaren 2. mai.

Meklinga heldt fram til 24. mai da Riksmekklaren la fram forslag til endringer i hovudtariffavtalane mellom staten og LO Stat og YS Stat, og endringer i hovudtariffavtalane mellom staten og Akademikerne og Unio. Unio har forhandla ein lik avtale som Akademikerne. Forslaga frå Riksmekklaren blei same dag aksepterte av staten og Akademikerne. LO Stat, Unio og YS Stat orienterte også om at dei tilrådde meklingsresultatet og ville sende det ut til avrøysting. Svarfristen for avrøystinga er sett til 24. juni 2022.

Riksmekklaren sitt forslag er teke inn i møtebøkene av 24. mai 2022, jf. vedlegg 1 og 2 til proposisjonen.

Den økonomiske ramma

Det blir i proposisjonen vist til at lønsoppgjera i Norge er baserte på den såkalla frontfagmodellen. På bakgrunn av vurderingar gjorde av NHO, i samråd med LO, reknar ein med ein årslønsvekst i industrien samla sett i NHO-området på 3,7 pst. i 2022. For å unngå ein storstreik har staten akseptert skissa frå Riksmekklaren som har ei ramme som inneber ein årslønsauke på oppgjeret med 3,8 pst. både i avtalane med LO Stat, YS Stat og i avtalane med Akademikerne og Unio. Samla bruttoutgifter ved lønsreguleringa for arbeidstakere i det statlege tariffområdet per 1. mai 2022 er for tidsrommet 1. mai–31. desember 2022 rekna ut til 2 891 mill. kroner.

Felles føresegner

Det er nye satsar for natt-, laurdags- og søndagsarbeid. Sjå proposisjonen for nærare omtale.

Erstatningsbeløp ved dødsfall er auka, jf. gruppelevsordninga. Sjå proposisjonen for nærare omtale.

Kompetanseutvikling

Totalt i alle avtalane blir det sett av 37 mill. kroner til kompetanseutvikling, medråderett, samarbeid og omstillingsarbeid for heile tariffperioden, 1. mai 2022–30. april 2024.

Avsetjinga vil bli foreslått løyvd på kap. 502 Tariffavtalte avsetjingar i statsbudsjettet for 2022. Sjå proposisjonen for nærare omtale av fordelinga.

Staten og hovudsamanslutningane vil i tariffperioden følgje opp bruken av midlane i hovudtariffavtalane pkt. 5.3. Medråderett, samarbeid og kompetanseutvikling. Partane vil vurdere vidare tiltak for kompetanseutvikling og bruk av avsetjinga innanfor den statlege arbeidsgivarpolitikken.

Forhandlingsstadar

Med heimel i hovudtariffavtalane avgjer staten, etter drøftingar med hovudsamanslutningane, kvar lokale forhandlingar i departementsområda skal førast. Forhandlingsstadane for tariffperioden 2022–2024 er drøfta og fastsette med verknad frå 1. mai 2022. Forhandlingsstadane er dei same i alle avtalane.

1.2.2 NÆRARE OM AVTALANE MED LO STAT OG YS STAT OG AVTALANE MED AKADEMIKERNE OG UNIO

Økonomisk profil i Riksmeklaren sitt forslag til LO Stat og YS Stat

Med verknad frå og med 1. mai 2022 skal det førast lokale forhandlingar innanfor ei økonomisk ramme på 0,85 pst. per dato av lønsmassen.

Med verknad frå 1. mai 2022 er det gjeve eit tillegg på kr 10 000 på lønstrinn 19 til og med lønstrinn 64 i hovudlønstabellen. Frå og med lønstrinn 65 til og med lønstrinn 101 er det gjeve eit tillegg på 1,7 pst. Utforminga av tilleggga på tabellen sikrar ein låglønsprofil. I tillegg er alle førstekonsulentar gjeve eit lønstrinn med verknad frå og med 1. mai, noko som sikrar ein likelønsprofil.

Økonomisk profil i Riksmeklaren sitt forslag til Akademikerne og Unio

I avtalane med Akademikerne og Unio er alle tariff tilleggga avsette til lokale forhandlingar. Med verknad frå 1. mai 2022 skal det førast lokale forhandlingar innanfor ei økonomisk ramme på 2,46 pst. per dato av lønsmassen.

Nytt lønssystem

Om lag 50 pst. av dei statstilsette er på ei lønsramme og får automatiske lønsopptrykk etter ansiennitet. I avtalane med LO Stat og YS Stat er totalt 39 lønsrammer erstatta av to lønssstigar på ti år og 16 år. Lønssstigen på 16 år er også teken inn i avtalane med Akademikerne og Unio og kjem i tillegg til stigen på ti år som gjaldt i førre avtaleperiode. Stigane sikrar eit årleg prosentvis opptrykk og er likt utforma i alle avtalane. Ein reknar ansienniteten etter kor mange år ein har i stillinga – stillingsansiennitet. Det er ikkje gjort endringar i talet på stillingar, eller kva for stillingar, som er på høvesvis automatisk lønsopptrykk og i spenn. Det er inngått avtale mellom Kommunal- og distriktsdepartementet og hovudsamanslutningane om implementering av nytt lønssystem og overføring av tilsette frå lønsrammer til lønssstigar.

Anna

Det blir i proposisjonen vist til at seniorpolitiske tiltak er viktige for å få arbeidstakarar til å stå lenger i arbeid. I staten blir det gjeve tenestefri med løn eit visst tal dagar frå det året ein fyller 62 år. Talet på dagar er avhengig av om den einskilde verksemda har avtalt fleire dagar lokalt enn dei åtte dagane som er avtalt sentralt. I Riksmeklaren sine forslag til avtalar er det teke inn at tenestefri med løn skal gjevast forholdsmessig gjennom året det året arbeidstakar går av med pensjon.

Vidare er det i Riksmeklaren sine forslag til avtalar fastsett mandat for partssamarbeid om å bidra til å nå FN's berekraftsmål, problemstillingar knytte til arbeid på heimekontor, reisetid og gjennomgang av stillingskodesystemet i staten. Riksmeklaren foreslår også at staten skal sørgje for statistikk som gjev partane tal- og statistikkgrunnlag til komande mellomoppgjær. Statistikk- og berekningsutvalet (SBU) har fått i oppdrag å sjå på modellen for berekning av gliding i lønsoppgjera i staten.

1.2.3 LØNSREGULERING M.M. FOR DEI EMBETSMENN OG STATSTILSETTE SOM IKKJE BLIR DEKTE AV HOVUDTARIFFAVTALANE

Kommunal- og distriktsdepartementet føreset at lønsreguleringa frå 1. mai 2022 m.m. blir gjort gjeldande for alle embetsmenn og statstilsette, også dei som ikkje blir dekte av hovudtariffavtalane.

Dei felles føresegnene i hovudtariffavtalane er like, men dei er ulike når det gjeld føresegnene om fordelinga av løn. Det eine avtaleområdet er avtalane som gjeld for LO Stat og YS Stat, og det andre avtaleområdet er avtalane som gjeld for Akademikerne og Unio. Staten må derfor ta stilling til kva for avtaleområde som skal prak-

tiserast overfor arbeidstakarar som ikkje er medlemmer av organisasjonar med forhandlingsrett.

Sidan 2016 har Stortinget gjeve sitt samtykke til at det avtaleområdet som dekkjer flest årsverk totalt i staten, blei gjort gjeldande for arbeidstakarane i staten som ikkje er medlemmer av organisasjonar med forhandlingsrett.

Kommunal- og distriktsdepartementet har i lang tid sett på ordninga med dei uorganiserte, i nær dialog med hovudsamanslutningane. Det har ikkje vore mogeleg å finne fram til ein ny modell som alle hovudsamanslutningane sluttar seg til.

Kommunal- og distriktsdepartementet tilrår som ei mellomløyning å la dei uorganiserte følgje det avtaleområdet som dekkjer flest årsverk i den einskilte verksemda. Ei slik løysing føreset at arbeidsgjevar lokalt skaffar seg informasjon om kven av dei tilsette som er uorganiserte. Departementet vil følgje med på praktiseringa og utslaga av ein slik modell. Dei uorganiserte skal med bakgrunn i lønspolitikken til dei einskilte verksemdene sikrast lønsutvikling på lik linje med dei organiserte arbeidstakarane, og det er arbeidsgjevar sitt ansvar å ta vare på dei uorganiserte.

Embetsmenn og statstilsette i stillingar som er tekne ut av hovudtariffavtalane, får løns- og arbeidsvilkår administrativt fastsette i kontrakt.

1.3 Endringar på statsbudsjettet for 2022

KAP. 2315 (NYTT) LØNSREGULERING FOR ARBEIDSTAKARAR I DET STATLEGE TARIFFOMRÅDET

Post 1 (Ny) Driftsutgifter

Samla bruttoutgifter ved lønsreguleringa for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet per 1. mai 2022 er for perioden 1. mai–31. desember 2022 rekna ut til 2 891 mill. kroner.

Overslaget omfattar alle tilsette som får løna si fastsett etter hovudtariffavtalane i staten. Meirutgifter som følgje av auka satsar for overtid og arbeidsgjevaravgift er medrekna. Vidare er meirutgifter til pensjonspremiebetaling medrekna.

Meirutgifter i samband med lønsreguleringane for forvaltingsorgan med særskilde fullmakter og forvaltingsbedrifter blir dekte innanfor budsjetta til verksemdene.

Verksemder med arbeidstakarar som får løn administrativt fastsett i kontrakt, må sjølve dekkje meirutgiftene av lønsregulering innanfor eksisterande budsjett.

Etter fråtrekk av det ovanfor nemnde er meirutgiftene rekna til 2 168 mill. kroner. Etter vanleg praksis blir slike meirutgifter dekte ved at det blir ført opp løyving under kap. 2315 Lønsregulering for arbeidstakarar i det

statlege tariffområdet, post 1 Driftsutgifter, som Finansdepartementet er gjeve fullmakt til å fordele.

KAP. 502 TARIFFAVTALTE AVSETJINGAR M.M.

Post 21 (Ny) Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

For perioden 1. mai 2022–30. april 2024 blir det avsett til saman 4 mill. kroner til kompetanseutvikling. Avsetjinga skal i hovudsak gå til felles tiltak i regi av dei sentrale partane. Departementet foreslår i proposisjonen at 2 mill. kroner av avsetjinga blir løyvde for 2022. Dei resterande 2 mill. kroner blir i proposisjonen foreslått løyvde på statsbudsjettet for 2023.

Post 70 (Ny) Kompetanseutvikling m.m., kan overførast, kan nyttast under post 21

For perioden 1. mai 2022–30. april 2024 blir det avsett til saman 33 mill. kroner til kompetanseutvikling. Avsetjinga skal i hovudsak gå til å styrke kompetanseutvikling i verksemdene. Departementet foreslår i proposisjonen at 16,5 mill. kroner av avsetjinga blir løyvde for 2022. Dei resterande 16,5 mill. kroner blir foreslått løyvde på statsbudsjettet for 2023.

Post 71 Opplæring og utvikling av tillitsvalde

Departementet foreslår i proposisjonen at tilskotet blir auka med 13,2 mill. kroner. Summen er rekna ut med bakgrunn i talet på årsverk og lønsmasse i statleg tariffområde per 1. oktober 2021.

KAP. 2309 TILFELDIGE UTGIFTER

Post 1 Driftsutgifter

Det er avsett midlar til dekning av meirutgiftene ved lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet m.m. Løyvinga under kap. 2309 Tilfeldige utgifter vil bli redusert i samband med proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet 2022 til hausten.

2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Rune Støstad, Siri Gåsemyr Staalesen, Terje Sørvik og lederen Lene Vågslid, fra Høyre, Mudassar Kapur, Anne Kristine Linnestad og Mari Holm Lønseth, fra Senterpartiet, Heidi Greni, Kathrine Kleveland og Kari Mette Prestrud, fra Fremskrittspartiet, Helge André Njåstad og Erlend Wiborg, fra Sosialistisk Venstreparti, Grete Wold, fra Rødt, Tobias Drevland Lund, og fra Venstre, André N. Skjelstad, viser til at det er fremforhandlet to tariffavtaler for lønsregulering i det statlige tariffområdet med

virkning fra 1. mai 2022. Komiteen viser til at både hovedtariffavtalen med LO Stat og YS Stat og hovedtariffavtalen med Akademikerne og Unio har en ramme som innebærer en årslønnsøkning med 3,8 pst. Komiteen viser videre til at den økonomiske rammen overstiger frontfagsrammen, som er anslått til 3,7 pst. Komiteen viser til at de samlede bruttoutgiftene ved lønnsreguleringen for arbeidstakere i det statlige tariffområdet per 1. mai 2022, for tidsrommet 1. mai–31. desember 2022, er regnet ut til 2 891 mill. kroner.

Komiteen viser til at LO Stat, Unio og YS Stat også orienterte om at de tilrår meklingsresultatet og ville sende det ut til avstemming. Svarfristen for avstemmingen er satt til 24. juni 2022.

Komiteen viser til at det også er nye satser for natt-, lørdags- og søndagsarbeid og økning i erstatningsbeløp ved dødsfall.

Komiteen viser til at det settes av 37 mill. kroner i avtalen til kompetanseutvikling, medbestemmelse, samarbeid og omstillingsarbeid for hele tariffperioden 1. mai 2022–30. april 2024.

Komiteen viser til at i Riksmeklerens forslag til LO Stat og YS Stat, med virkning fra og med 1. mai 2022, skal det føres lokale forhandlinger innenfor en økonomisk ramme på 0,85 pst. per dato av lønnsmassen. Med virkning fra 1. mai 2022 er det gitt et tillegg på 10 000 kroner på lønnstrinn 19 til og med lønnstrinn 64 i hovedlønnsstabellen. Fra og med lønnstrinn 65 til og med lønnstrinn 101 er det gitt et tillegg på 1,7 pst. Utformingen skal sikre en lavtlønnsprofil. I tillegg er alle førstekonsulenter gitt ett lønnstrinn med virkning fra og med 1. mai, noe som sikrer en likelønnsprofil.

Komiteen viser til at i Riksmeklerens forslag til Akademikerne og Unio er alle tariff tillegg avsatt til lokale forhandlinger. Med virkning fra 1. mai 2022 skal det føres lokale forhandlinger innenfor en økonomisk ramme på 2,46 pst. per dato av lønnsmassen.

Komiteen viser til at det opprettes et nytt lønnsystem. I avtalen med LO Stat og YS Stat er totalt 39 lønnsrammer erstattet av to lønnsstiger på ti år og 16 år. I avtalene med Akademikerne og Unio tas lønnsstigen på 16 år inn, slik at begge avtalene har disse to lønnsstigen.

Komiteen viser til at stigen sikrer et årlig prosentvis opprykk og er likt utformet i alle avtalene.

Komiteen viser til at Riksmeklerens forslag til avtaler fastsetter mandat for partssamarbeid om å bidra til å nå FN's bærekraftsmål, problemstillinger knyttet til arbeid på hjemmekontor, reisetid og gjennomgang av stilingskodesystemet i staten.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, viser til at staten må ta stilling til hvilket avtaleområde som skal praktiseres overfor ar-

beidstakere som ikke er medlemmer av organisasjoner med forhandlingsrett. Siden 2016 har Stortinget gitt sitt samtykke til at det avtaleområdet som dekker flest årsverk totalt i staten, blir gjort gjeldende for arbeidstakerne i staten som ikke er medlemmer av organisasjoner med forhandlingsrett.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet viser videre til at Kommunal- og distriktsdepartementet i lang tid har sett på ordningen med de uorganiserte, i dialog med hovedsammenslutningene. Disse medlemmer vil videre vise til at regjeringen mener det ikke har vært mulig å finne fram til en ny modell som alle hovedsammenslutningene slutter seg til. Kommunal- og distriktsdepartementet tilrår som en mellomløsning å la de uorganiserte følge det avtaleområdet som dekker flest årsverk i den enkelte virksomhet. Departementet understreker at det forutsetter at arbeidsgiver lokalt skaffer seg informasjon om hvem av de ansatte som er uorganisert.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, vil understreke at dette er en uheldig følge av at forrige regjering åpnet for to ulike tariffavtaler i det statlige området. Flertallet mener en todeling er svært uheldig. Flertallet understreker at løsningen for uorganiserte som departementet legger opp til, kun er en midlertidig løsning.

Et annet flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Rødt, mener at det er nødvendig med mer kunnskap om de langsiktige konsekvensene av to ulike tariffavtaler i det statlige området. Dette flertallet vil som eksempel påpeke at det er uklart hvilke konsekvenser det kan ha for streikeretten når mer og mer av lønnsdannelsen blir flyttet fra sentral- til lokalplanet. En helt sentral del av det norske treparts-samarbeidet er å etablere systemer som ikke undergraver mulighetene for organisasjonene til å streike.

Dette flertallet viser til at staten som arbeidsgiverpart er i en særstilling fordi tariffoppgjørene i staten er en del av regjeringens inntektspolitikk. Gjennom inntektspolitikken har regjeringen et overordnet nasjonalt ansvar for lønnsutviklingen og sysselsettingen. Dette flertallet viser til at et bærende prinsipp i norsk lønnsdannelse har vært lik lønn for likt arbeid – også innenfor det statlige tariffområdet. Et system med to ulike tariffavtaler kan svekke dette prinsippet. Dette flertallet peker på at statens lønns- og forhandlings-system har vært nøytralt og uavhengig av virksomhet og organisasjonstilknytning.

Dette flertallet viser til at likelønns- og lavtlønnsproblematikken må ivaretas i alle lønnsforhand-

linger, ved fordeling av generelle tillegg, ved justeringer av stillinger og ved sentrale føringer ved lokale forhandlinger. Dersom skjevheter mellom grupper og kjønn allikevel skulle oppstå ved lokale forhandlinger, kan dette rettes opp ved påfølgende sentrale forhandlinger. Dette forutsetter at regjeringen fremlegger sikker og lett tilgjengelig statistikk for alle statlige virksomheter.

Dette flertallet viser til at sist gang det ble foretatt en skikkelig gjennomgang av lønssystemet, var i 1991, basert på NOU1990:32 Statens lønnskomite av 1988. Tiden er moden for å gjennomgå systemet på ny. Dette flertallet foreslår at det settes ned et lønnsutvalg med representasjon fra alle partene og hovedsammenslutningene. Dette utvalget bør gå gjennom statens lønssystem og tariffpolitikk og statens forhandlings-system bl.a. når det gjelder lønnsdannelsen i samfunnet, statens budsjettssystem og overordnet politisk styring. Dette flertallet mener dagens situasjon med ulike lydende tariffavtaler bør vurderes opp mot likhetsprinsippet, ufravikelighetsprinsippet og aktivitets- og redegjørelsesplikten. Dette flertallet mener det må finnes konkrete og gode løsninger for hvordan organiserte og uorganiserte ivaretas på en best mulig måte. Utvalget bør legge fram sine anbefalinger i god tid før hovedforhandlingene i 2024 begynner.

Dette flertallet fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen sette ned et lønnsutvalg som ser på lønssystemet i staten og legger fram sine anbefalinger i god tid før hovedforhandlingene i 2024 begynner.»

Komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet og Venstre mener at organisasjonsfrihet er en viktig verdi. Disse medlemmer merker seg at Kommunal- og distriktsdepartementet anbefaler, som en mellomløsning, å la de uorganiserte følge det avtaleområdet som dekker flest årverk i den enkelte virksomhet. Dette støttes av alle hovedsammenslutningene med unntak av LO.

Disse medlemmer viser til at lønnsoppgjøret er et resultat av forhandlinger. Disse medlemmer viser til at staten forhandler med flere parter, og at det derfor er grunnlag for flere tariffavtaler, og at staten har en rettslig adgang til å ha flere tariffavtaler. Disse medlemmer mener at det å pålegge staten å inngå likelydende hovedtariffavtaler vil være å gripe inn i den enkelte organisasjons selvstendige forhandlingsrett og partenes avtalefrihet. Disse medlemmer mener derfor at staten skal ha mulighet til å ha flere tariffavtaler.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Rødt viser til at ufravikelighetsprinsippet har vært en sentral bærebjelke i den norske

tariffretten siden 1920-tallet. Prinsippet skal sikre likebehandling av arbeidstakere uavhengig av om man er organisert eller ikke, eller hvilken fagforening man tilhører. Hovedformålet med prinsippet er å ikke motarbeide organiserte parter og inngåtte tariffavtaler i det norske arbeidslivet. For statens del er prinsippet nedfelt i tjenestetvistloven av 1958 § 13.

Disse medlemmer viser til at fordelingsmodellen som er foreslått, vil føre til urettmessig forskjellsbehandling av stillingsgrupper ute i de statlige virksomhetene, avhengig av om de er organisert eller ikke. Flere yrkesgrupper i staten, som f.eks. læringer og renholdere, vil oppleve vilkårlige forskjeller basert på hvilken tariffavtale som er størst i virksomheten de jobber i.

Disse medlemmer er urolige for at forskjellen mellom LOs og Unio/Akademikernes hovedtariffavtale i staten nå er så stor at f.eks. uorganiserte læringer som må følge deres avtale i en tilfeldig valgt virksomhet, får dårligere lønnsvilkår enn om de er organisert i LO. Dette er ikke likebehandling, og staten kan ikke vedkjenne seg dette om man vil fremstå som en anstendig arbeidsgiver.

Disse medlemmer understreker at organiserte arbeidstakere må tilhøre tariffavtaler som er representative og mest dekkende i omfang av stillingstyper. Det har siden forarbeidene til tjenestetvistloven i 1958 fremgått tydelig at hovedsammenslutninger må ivareta helhetshensyn og ikke handle ut fra snevre interesse-synspunkt. Man har hele tiden lagt til grunn at særinteresser ikke skal få for stor makt i det statlige tariffområdet.

Disse medlemmer viser til at staten tidligere har inngått fire likelydende hovedtariffavtaler med hovedsammenslutningene, og samme hovedtariffavtale har derfor blitt gjort gjeldende for de uorganiserte. Fra 2016 har staten praktisert hovedtariffavtaler for LO Stat, Unio og YS for de uorganiserte. Bakgrunnen var at disse tariffavtalene dekker flest av de ansatte i staten.

Disse medlemmer konstaterer at spørsmålet om de uorganiserte ikke har vært en formell del av forhandlingene og meklingen, og dessuten at partene ikke har klart å oppnå enighet om en ny modell som alle slutter seg til.

Disse medlemmer støtter ikke at de uorganiserte skal følge det avtaleområdet som dekker flest årverk i den enkelte virksomhet. Prinsippene om ufravikelighet og likebehandling er sentrale, og er begrunnet både i hensynet til et ordnet arbeidsliv og til den enkelte ansatte. Disse medlemmer ser staten som ett tariffområde med fire hovedtariffavtaler. LO Stat er per 1. mai den hovedsammenslutningen med flest medlemmer i staten. I tillegg organiserer LO Stat og YS Stat alle yrkesgrupper og sikrer dermed den representativiteten tjenestetvistloven legger til grunn.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Rødt, fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen starte et arbeid for å oppnå likelydende hovedtariffavtaler til hovedoppgjøret i 2024.»

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Rødt fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringa følge tariffrettslige prinsipp om ufravikelighet og likebehandling, forutsetningene i tjenestetvistloven om representativitet og dessuten staten sin rolle i regjeringa sin inntektspolitikk, og på dette grunnlaget praktisere hovedtariffavta-

lene for LO Stat og YS for uorganiserte fra 1. mai 2022 og i inneværende tariffperiode.»

3. Forslag fra mindretall

Forslag fra Sosialistisk Venstreparti og Rødt:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringa følge tariffrettslige prinsipp om ufravikelighet og likebehandling, forutsetningene i tjenestetvistloven om representativitet og dessuten staten sin rolle i regjeringa sin inntektspolitikk, og på dette grunnlaget praktisere hovedtariffavtalene for LO Stat og YS for uorganiserte fra 1. mai 2022 og i inneværende tariffperiode.

4. Komiteens tilråding

Komiteens tilråding I–III og V–VI fremmes av en samlet komité. Tilråding IV fremmes av medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Senterpartiet, Fremskrittspartiet og Venstre. Tilråding VII og VIII fremmes av medlemmene fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Rødt.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rå Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2022 blir det gjort følgende endringer:

Kap.	Post Formål	Kroner
2315	Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet	
	1 (NY) Driftsutgifter, blir løyvd med	2 168 000 000
502	Tariffavtalte avsetjingar m.m.	
	21 (NY) Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70, blir løyvd med	2 000 000
	70 (NY) Kompetanseutvikling m.m., kan overførast, kan nyttast under post 21, blir løyvd med	16 500 000
	71 Opplæring og utvikling av tillitsvalde, blir auka med frå kr 208 700 000 til kr 221 900 000	13 200 000

II

Stortinget samtykkjer i at det med verknad frå 1. mai 2022 blir gjort regulering av lønene m.m. for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet som er medlemmer av LO Stat og YS Stat i samsvar med Riksmekklaren si møtebok av 24. mai 2022.

III

Stortinget samtykkjer i at det med verknad frå 1. mai 2022 blir gjort regulering av lønene m.m. for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet som er medlemmer av Akademikerne og Unio i samsvar med Riksmekklaren si møtebok av 24. mai 2022.

IV

For embetsmenn og statstilsette som ikkje er medlemmer av organisasjonar som nemnde i romartal II og III, og derfor ikkje får sine løns- og arbeidsvilkår fastsette i hovudtariffavtale, skal det bli gjort regulering av lønene i samsvar med det avtaleområdet (romartal II eller III) som dekkjer flest årsverk i den einskilde verksemda. Embetsmenn og statstilsette som er tekne ut av hovudtariffavtalane, får sine løns- og arbeidsvilkår fastsette administrativt i eigen kontrakt.

V

Stortinget samtykkjer i at Kongen på vegner av staten kan bringe tvistar i samband med tariffoppgjoret i staten i 2022 inn for Rikslønsnemnda i samsvar med lov 18. juli 1958 nr. 2 om offentlige tjenestetviser § 31 andre ledd.

VI

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet får fullmakt til å fordele løyvinga under kap. 2315 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariff-

området, post 1 Driftsutgifter, på dei postane på statsbudsjettet som har lønsløyving.

VII

Stortinget ber regjeringen sette ned et lønnsutvalg som ser på lønnssystemet i staten og legger fram sine anbefalinger i god tid før hovedforhandlingene i 2024 begynner.

VIII

Stortinget ber regjeringen starte et arbeid for å oppnå likelydende hovedtariffavtaler til hovedoppgjøret i 2024.

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 10. juni 2022

Lene Vågslid

leder og ordfører

